



Nasjonale turistveger  
Norwegian Scenic Routes




2023 | 2024  
TURISTVEGARBEIDET



Statens vegvesen

- 3 Forord
- 5 Turistveganlegga 2023 - 2024
- 6 RAST. Nasjonale turistveger 30 år
- 9 Turistvegsatsingen bidrar til økt lønnsomhet
- 11 Service og vertskap - nye driftsavtaler fra 2024
- 13 Boka om Nasjonale turistveger
- 14 Dei store turistvegattraksjonane - eit løft for norsk reiseliv
- 16 Økonomi og framdrift
- 18 Nasjonale transportplanar og turistvegsatsinga



Sundshopen, Helgelandskysten. Arkitekt og Foto: Tom Auger, Rever & Drage Arkitekter  
Omslagsfoto: Fantesteinen og Smørstabbreen, Sognefjellet. Foto: Jac Brun, 1957. (Fra Nasjonalbibliotekets bildesamling)

# FORORD

2023 var det 30 år sidan Stortinget sin Samferdselskomité bad Samferdselsdepartementet om å sjå nærmare på kombinasjonen veg og reiseliv, inspirert av satsinga på «scenic routes» i USA og land som Tyskland og Frankrike. I 2024 er det 30 år sidan Statens vegvesen kom i gang med Reiselivsprosjektet som svar på bestillinga frå departementet. Dette prøveprosjektet blei inngangen til ei unik satsing som Samferdselsdepartementet så langt har følgd opp gjennom 24 budsjettproposisjonar og åtte generasjonar nasjonale transportplanar. Den nyaste, Meld.St.14 (2023-2024) Nasjonal transportplan 2025-2036, blei lagt fram 22.mars 2024.

Nasjonale turistvegar er blitt ein sær eigen turistattraksjon som får stor internasjonal merksemd, freistar vegfarande turistar til Norgesferie og bidreg til verdiskaping i distrikta, i tråd med satsinga sin hensikt. Analysar utført av Menon Economics av bedrifter langs åtte av strekningane, den nyaste i 2023, stadfestar at verdiskapinga skjer etter at viktige turistvegprosjekt er gjennomført. I 2023 kom også boka «Nasjonale turistvegar» i handelen i ny utgåve.

På Jæren og Aurlandsfjellet, langs Helgelandskysten og i Ryfylke og Lofoten blei det opna fem prosjekt sommaren 2023. Då auka talet på fullførte prosjekt langs dei atten turistvegane til 175. Mange av desse blei vist fram på Arkitekt- og designhøgskulen i Oslo i juni 2023. Her blei dei første 30 åra av arbeidet med Nasjonale turistvegar markert med seminar og utstillinga RAST. I løpet av 2024 skal det komma til 7 nye, og med dei offisielle opningane av prosjekta ved Torghatten, Vøringsfossen og Gjende vil det meste av arbeidet med dei særskilte attraksjonane vera fullført.

På grunn av generelle kostnadsaukingar og uføresette forhold, som raset på Trollstigen, vil ein del av tiltaka i perioden 2018-2023 bli forsinka og først stå ferdige i 2025. Då vil Nasjonale turistvegar omfatta totalt 189 prosjekt. I vidareføringa fram mot fullført attraksjon i 2029 inngår ytterlegare 26 prosjekt i tråd med målet i Nasjonal transportplan 2025 - 2036. Om det kan vera behov for endringar av strekningane, er ei vurdering som i følgje departementet høyrer neste generasjon transportplan til.

I 2023 blei det inngått avtalar som skal sikra privat næringsdrift med god kvalitet på fire av turistveganlegga. God kvalitet føreset også at gjennomførte turistvegprosjekt blir oppgradert og fornya i regi av Nasjonale turistvegar, at dei mange vegeigarane sørgjer for god drift og dagleg vedlikehald og at omsynet til landskapsopplevinga veg tungt når ulike aktørar ønskjer å gjennomføra prosjekt som reduserer kvaliteten på attraksjonen Nasjonale turistvegar.

Lillehammer 2. april 2024



Silje Myhre Amundsen  
Seksjonssjef

Statens vegvesen, Nasjonale turistvegar





1. Madland hamn, Jæren
2. Brunstranda, Lofoten
3. Flesefossen, Ryfylke
4. Liasanden, Sognefjellet
5. Torghatten, Helgelandskysten

# Turistveganlegga 2023-2024

I 2023 blei fem turistvegprosjekt fullført og opna for vegfarande turistar. Arbeidet kom og langt med å få fullført dei tre særskilte attraksjonane Gjende (Valdresflye), Vøringsfossen (Hardangervidda) og Torghatten (Helgelandskysten). Desse får si offisielle opning i 2024. Samarbeidet med Vestvågøy kommune om Hauklandstranda i Lofoten er det fjerde store prosjektet med anleggsaktivitet i 2023 og 2024.

I 2024 står ytterlegare to mindre nye prosjekt for tur med fullføring i løpet av året. I tillegg vil rasteplassen Liasanden (Sognefjellet) bli fornya og vera klar til sesongen 2024. Talet på gjennomførte turistvegprosjekt ved utgangen av 2024 vil då vera 181.

## FULLFØRT I 2023

### **2** Brunstranda, Lofoten

Rast og toalett

**Arkitekt:** Studio Vatn & Jørgen Tandberg Arkitektur

### **3** Flesefossen, Ryfylke

Rasteplass med toalett

**Arkitekt:** Haugen/Zohar Arkitekter

### **1** Madland hamn, Jæren.

Rasteplass med toalett og stormhytte

**Arkitekt:** Haugen/Zohar Arkitekter

### Sluppen, Aurlandsfjellet

Parkering, rast og sti til foss

**Arkitekt:** Østengen & Bergo AS

### Sundshopen, Helgelandskysten

Rasteplass med toalett og vorr

**Arkitekt:** Rever & Drage

## FULLFØRAST I 2024

### Gjende, Valdresflye

**Fase 2:** Servicebygg med kafé og toalett på Gjendeosen

**Arkitekt:** Knut Hjeltnes sivilarkitekter MNAL AS

### Vøringsfossen, Hardangervidda

**Fase 3 Fossatromma:** Utsiktspunkt, stiar, sikring, toalett, parkering, elbil-lading og landskapstiltak

**Arkitekt:** Carl-Viggo Hølmebakk

### **5** Torghatten, Helgelandskysten

Servicebygg, parkering, stiar, trapp og fjellsikring

**Arkitekt:** Atelier Oslo

**Landskapsarkitekt:** Østengen & Bergo AS

### Vardestopp og Ørteren,

**Hardangervidda** (to rasteplassar)

**Landskapsarkitekt:** Bjørbekk & Lindheim Landskapsarkitekter MNLA

### **4** Liasanden, Sognefjellet

Oppgradering av servicebygg, rastemøblar og syklistlé

**Arkitekt:** Jensen & Skodvin Arkitekter AS

## FULLFØRAST I 2025

### Hauklandstranda, Lofoten

Servicebygg med kafé, parkering og stiar

**Arkitekt:** Arne Henriksen Arkitekter AS

### Hamningberg, Varanger

To små toalettbygg, rast, fornying av parkeringsplass

**Arkitekt:** KAP - Kontor for Arkitektur og Plan AS

### Måbø bru, Hardangervidda

Rast/fotopunkt

**Arkitekt:** 3RW arkitekter AS





**John Steinbeck (1902 – 1968)**  
*“People don’t take trips; trips take people.”*



**Tomorrow’s tourists care!**

# Rast

**LONG HISTORY OF ROAD TRIPS:**  
*The road best travelled*

- 1868 Calvert Vaux working with Frederick Law Olmstead created the concept of the US Parkways
- 1900 The Automobilation of the American Landscape encouraged states to develop scenic roads
- 1926 Route 66 established
- 1950 Chevrolet advertising campaign to *‘See the U.S.A in your Chevrolet’*

**NORWEGIAN SCENIC ROUTES = BRILLIANT – 10/10**

- CONCEPT
- DELIVERY
- IDEAS
- EXPERIENCES
- WAYS OF LOOKINGS
- WAYS OF SEEING & EXPLORING
- INSPIRATION FOR OTHERS

<p><b>PULL</b></p> <p>Tapping into tourist search for sense of freedom and escape</p> <p>Transport for tourism – transport as tourism</p> <p>Take in the view, gain new perspectives</p>	<p><b>PUSH</b></p> <p>Eagerness for peripheral destinations to benefit</p> <p>Government desire to spread tourism</p> <p>Desire to create a new benchmark</p>
--	---

Utstillingsveggen med 121 utvalgte prosjekter fra 1996 til 2023. Samferdselsminister Jon-Ivar Nygård som åpnet RAST, her sammen med Nasjonale turistvegers seksjonsleder Silje Myhre Amundsen og tidligere leder Jan Andresen. Faksimiler fra Terry Stevens forelesning om reiseliv.

# RAST. Nasjonale turistveger 30 år

**M**arkeringen «RAST» på Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo i juni 2023 dokumenterte hva som er oppnådd med 30 års satsing på Nasjonale turistveger. I tre innholdsrike seminardager med mange dyktige foredragsholdere og debattanter vurderte man turistvegene som del av norsk reiseliv og diskuterte kunsten, arkitekturen, mandater, resultater og dilemmaer. En utstilling med filmer, modeller og bildevegg med 121 utvalgte arkitektur- og kunstinntallasjoner viste mangfold og variasjon i uttrykk og innhold, der resultatene fra to arkitektkonkurranser og studentoppgaver pekte framover. Samferdselsminister Jon-Ivar Nygård stod for den offisielle åpningen av evenementet.

Startskuddet kom sommeren 1993, da Stortinget ba regjeringen se nærmere på kombinasjonen veg og reiseliv. Året etter ble Reiselivsprosjektet etablert med fire prøvestrekninger. Ny dristig arkitektur vokste frem på rasteplasser og utsiktspunkter langs veger i storslått norsk natur. Stortinget fikk så tilrådingen i statsbudsjettet for 1998: Veg og reiseliv hører sammen. Nasjonale turistveger er noe for Norge.

Resten er historie. Av 60 foreslåtte kom 18 strekninger med i turistvegsatsingen etter en grundig prosess. Attraksjonen vokste, tok form og fikk gjennomslag i både inn- og utland. Ved utgangen av markeringsåret 2023 var det gjennomført i alt 176 prosjekter. Reiselivsattraksjonen «Norwegian Scenic Routes» har i løpet av årene styrket norsk reiseliv og bidratt til verdiskaping i distriktene. Private investeringer har fulgt opp den statlige satsingen. Fylkeskommuner og kommuner har bidratt i spleiselag.

Nasjonale turistvegers verdi som arkitekturprosjekt og betydningen for norsk arkitektur overstiger etter 30 år langt de opprinnelige målene og forventningene. Kunstprosjektet er, også sett i en internasjonal sammenheng, helt unikt, ble det konstatert på 30-årsmarkeringen.

Utstillingskatalogen «RAST - Nasjonale turistveger 30 år», minnet om at Nasjonale turistveger er det første store norske infrastrukturprosjektet med eksplisitt intensjon om å vise fram både arkitekturen, kunsten og det norske landskapet: Nasjonale turistveger kan leses som en sum av enkeltprosjekter, men også som et "museum" eller en "utstilling" som omfatter hele landet, skriver katalogredaktør og arkitekt Karl Otto Ellefsen.



Gjennom utstillingen, katalogen og seminarene ble det gitt innblikk i dilemmaer som må håndteres på en gjennomtenkt måte for å sikre at satsingen på Nasjonale turistveger forblir relevant i årene framover. Eksempler på dette er prinsipper for bruk og forbruk av norsk natur, balansert tenking rundt sosial, miljømessig og økonomisk bærekraft og hvordan norsk reiseliv vil håndtere slike spørsmål i sine strategier og handlinger.



*Karl Otto Ellefsen, arkitekt B+E og redaktør for utstillingskatalogen RAST foreleste på seminardagen om arkitektur.*









# Turistvegsatsingen bidrar til økt lønnsomhet

Det overordna målet for satsingen på Nasjonale turistveger er å bidra til styrket bosetting og næringsliv, ikke minst i distriktene, slik det ble formulert for 30 år siden. Menon Economics sine økonomiske analyser av 8 av de 18 turistvegene de siste sju årene er samstemte; Statens vegvesens turistvegsatsing bidrar til økt verdiskaping.

Analysene er gjort i fire omganger på bestilling fra Statens vegvesen:

2023	Geiranger-Trollstigen og Aurlandsfjellet
2020	Atlanterhavsvegen og Ryfylke
2019	Senja og Gaularfjellet
2017	Rondane og Varanger

Analysen av Geiranger-Trollstigen viser at reiselivsbedriftene langs strekningen mer enn tredoblet sin verdiskaping i perioden 2006-2019. Dette tilsvarer en verdiskapingsvekst på 240 prosent. For reiselivsbedriftene i tilknytning til Nasjonal turistveg Aurlandsfjellet viser analysen at næringen mer enn firedoblet sin verdiskaping i den samme perioden.

I forbindelse med Menons kvantitative analyse i 2023 gjennomførte Statens vegvesen 48 kvalitative intervjuer av aktører langs de to strekningene. Intervjuene støtter Menons funn, og mange respondenter uttrykker dessuten stor entusiasme for turistvegsatsingen. Tilsvarende intervjuer med tilhørende bekreftelser ble også gjennomført i de tre foregående analysene.

Analysen fra 2020 viste at reiselivsbedriftene langs Nasjonal turistveg Atlanterhavsvegen økte sin verdiskaping med over 50 prosent. Dette var betydelig mer enn referansegrupper lokalt, regionalt og nasjonalt. I Ryfylke hadde både reiselivsbedriftene og handelsaktørene doblet verdiskapingen de siste 10 årene.

De nasjonale turistvegene Senja og Gaularfjellet har positiv effekt på lokal verdiskaping, fastslo Menons rapport fra 2019. Reiselivsbedriftene langs Nasjonal turistveg Senja mer enn firedoblet sin verdiskaping fra 2010 til 2017. Dette var langt høyere enn sammenlignbare bedrifter i distriktene i Troms og Nord-Norge. Turistvegsatsingen bidro til at verdiskapingen til reiselivsbedriftene langs Nasjonal turistveg Gaularfjellet økte med rundt 60 prosent fra 2010 til 2017. Veksten var sterkere enn tilsvarende reiseliv på Vestlandet.

De nasjonale turistvegene Rondane og Varanger ble analysert i 2017. Bedriftene langs Nasjonal turistveg Rondane hadde ifølge analysen over dobbelt så sterk vekst som tilsvarende bedrifter i distriktet på Østlandet. Langs turistvegen i Varanger viste analysen at reiselivsbedriftene hadde en verdiskapingsvekst på 15 prosent i året, noe som i rapporten ble karakterisert som «svært sterk» utvikling.





# Service og vertskap - nye driftsavtaler fra 2024

**V**ertskap er kunsten å få mennesker til å føle seg velkomne. I mange år har private aktører kunne skaffe seg et utkomme som godt vertskap på arkitekttegnede serveringssteder etter avtale med Nasjonale turistveger. Moderne arkitektur i flott norsk natur sammen med god service bidrar til opplevelser som gir mersmak hos vegfarende gjester. I 2023 var tiden moden for å sammenfatte erfaringene og utarbeide en ny generasjon avtaler.

Høsten 2023 lyste Statens vegvesen ut konkurranser om vertskap og daglig drift av fire serviceanlegg med servering og salg fra turistsesongen 2024. Disse var Trollstigen og Gudbrandsjuvet langs Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen (fv. 63) og Flye 1389 og Gjende langs Nasjonal turistveg Valdresflye (fv 51).

Nasjonale turistveger forutsatte i utlysingen godt vertskap som tilbyr de besøkende smakfull mat, god informasjon og rene og ryddige lokaler, samt bidra med god kvalitet på den løpende drifta og vedlikeholdet av anleggene. Ambisjonen var å få stabilitet og langsiktighet i et kostnadseffektivt samarbeid mellom oppdragsgiver og driver for å gi et godt og forutsigbart tilbud for vegfarende.

Driverkontraktene ble lyst ut med en varighet på syv år, med mulighet for fem års forlengelse. De to første årene av de totalt 12 årene fungerer som en prøveperiode. Tilbudsbefaringer på de fire serviceanleggene ble gjennomført i september 2023.

Statens vegvesen fikk inn til sammen fjorten tilbud fordelt på de fire serviceanleggene. Disse ble nøye evaluert og rangert etter hvordan søkerne svarte på kriteriene for forretningside, bærekraft, samarbeidsrutiner og driftsopplegg.

Da konkurransen var avgjort fikk selskapet Gjendeosen Kiosk og Parkering jobben med å drifte Flye 1389 og anlegget Gjendeosen/Reinsvangen. På Gjendeosen får driveren tilgang på en helt ny kafé fra sommersesongen 2024. Denne driveren hadde skaffet seg erfaringer gjennom sitt driftsansvar for Gjende/Reinsvangen i 2023.

Gudbrandsjuvet Cafe AS får fornyet tillit til å drifte serviceanlegget Gudbrandsjuvet. Dette vertskapet har drevet kafeen på Gudbrandsjuvet for Nasjonale turistveger siden 2018. Trollstigen Drift AS får videreføre sitt arbeid med turistattraksjonen Trollstigen. Driveren har hatt dette ansvaret siden 2012.




- 1 : Flye 1389, NT Valdresflye
- 2 : Gjende, NT Valdresflye
- 3 : Trollstigplatået, NT Geiranger-Trollstigen
- 4 : Gudbrandsjuvet, NT Geiranger-Trollstigen

# Nasjonale turistveger

Die Norwegischen Landschaftsrouten | Norwegian Scenic Routes



press



Forsider av flere generasjoners turistvegbøker. Øverst den nyeste utgaven fra 2023. Omslaget med kinesisk tekst er fra katalogen laget til utstillingen i den norske paviljongen ved verdensutstillingen i Shanghai (2010). Den gule katalogen er fra Omvegutstillingen i Norsk Form (2006). Grafisk designer: Jan Neste.





# Boka om Nasjonale turistveger

**B**erre eit par veker inn på det nye året 2023 lanserte Statens vegvesen og Forlaget Press den sjette generasjonen av boka «Nasjonale turistveger» som starta med katalogen «Omveg». Denne blei laga til Omvegutstillinga på Norsk form i Oslo i 2006. Sidan den førre utgåva i 2016 er 24 nye prosjekt inkludert i boka. Det same er 14 skisseprosjekt for påtenkte tiltak dei kommande åra. Så godt som alt biletmateriale i boka er nytt, noko som i høg grad gjer «Nasjonale turistveger» 2023 til ei heilt ny utgjeving. Boka på 288 sider startar med eit sett artiklar.

Vegdirektør Ingrid Dahl Hovland kommenterer attraksjonen i boka sitt forord: «Med ulike vinklingar på korleis det vakre og praktiske kan kombinerast, blir framstillinga ei stadfesting av utviklinga av Nasjonale turistvegar som ein stadig sterkare attraksjon».

Jan Andresen, leiaren av arbeidet med Nasjonale turistvegar frå 1998 til 2023, startar artikkel-samlinga med ein gjennomgang av turistvegararbeidet frå 1993 og fram til i markeringsåret 2023. Då er nærmare 4/5 av dei planlagde prosjekta gjennomført. Han minner om betydninga av god kvalitet på drift og vedlikehald, fornying av det som alt er bygt og påfyll av eit 30-tals nye prosjekt for at attraksjonen skal «skina» og ikkje skuffa forventingsfulle turistar framover mot 2029. «På sikt kan vidareutvikling også handla om eit gjennomtenkt påfyll av nye strekningar» avsluttar Andresen.

Ketil Kiran, arkitekt og leiar av Nasjonale turistvegar sitt arkitekturråd diskuterer «Arkitektur for folket og eliten», med referanse til seinare tids såkalla «arkitekturopprør» mot modernismens herjingar med den klassiske arkitekturarven. «Selv om noen få bygninger har regionale trekk og referanser til lokale tradisjoner, vil nok folk flest oppfatte turistvegprosjektene som eksempler på det vi, noe upresist, kaller modernistisk arkitektur. Likevel har protestene uteblitt», skriv Kiran.

Morten Kvamme, Nasjonale turistvegar sin kunstkurator og leiar av kunstrådet, skriv om «kunsten og landskapet» og kva tankegang og omsyn som ligg til grunn for kunstprogrammet i regi av Nasjonale turistvegar. Han rundar av artikkelen med at «Den dagen et kunstverk er på plass langs alle strekningene, har vi skapt et utendørs museum med hele Norge som ramme» og oppfordrar alle til å «la kunsten berike reisen din».

Det siste essayet i boka «Den klassiske bilturen er endeleg attende» er forfatta av reiseentusiasten Arne Hjeltnes. Hans oppfordring er å «sette seg bak rattet, eller som liten i baksetet, og koma fram til nye stader i ditt eige tempo og med dine eigne opplevingar undervegs». Som eksempel har han nytta Nasjonale turistveg Varanger og det unike Finnmark har å by på langs denne strekninga frå Varangerbotn og heilt ut til Hamningberg.

Nasjonale turistveger 2023 er produsert av Forlaget Press i samarbeid med Statens vegvesen og Jan Neste Design. Boka er tilgjengeleg hjå alle bokhandlarane i landet og på nett.

**Kunstbøker.** Til kunstverka langs dei nasjonale turistvegane Varanger (Louis Bourgeois og Peter Zumthor), Atlanterhavsvegen (Jan Freuchen), Gaularfjellet (Marianne Heier), Aurlandsfjellet (Mark Dion) og Valdresflye (Peter Fischli og David Weiss) høyrer det bøker. Dei to neste i denne bokserien, for verka i Havøysund (Roni Horn) og Rondane (Mathias Faldbakken), skal etter planen bli utgitt i 2024, også desse i samarbeid med Forlaget Press.

# Dei store attraksjonane - eit turistvegløft for norsk reiseliv

**N**oreg hadde lange tradisjonar med å nytta Trollstigen og Vøringsfossen i marknadsføringa si av landet vårt til tross for områda sine preg av stor slitasje, mangelfull sikring og dårlege sanitærforhold. Den reiselivskunnige Bård Jervan hadde oppdaga at i turistlandet New Zealand tek staten med sine miljøstyresmakter ansvaret for slike naturattraksjonar i kombinasjon med privat drift. Inspirert av dette fekk Statens vegvesen i 2006 høve til å starta arbeidet med å skaffa eigarskap til og planlegga fullstendige oppgraderingar av slike særskilte attraksjonar langs Nasjonale turistvegar.

Dei fleste av dei ti store var allereie velkjente Norgesbilete som Trollstigen, Vøringsfossen, Gjende, Steinsdalsfossen, Gudbrandsjuvet, Torghatten og Låtefoss. Men også Eldhusøya, der internasjonale bilprodusentar cruisar over Storseisundbrua i kanten av Nordsjøen på Mørkekysten i jakta på dei beste reklamebileta, kom til som eit nytt trekkplaster i kjølvatnet av Atlanterhavsvegen sin turistvegstatus.

Dei to siste er dei unike prosjekta inspirert av sterke historier. I løpet av trolldomsforfølgjingane på 1600- talet, blei 91 menneske dømt til eld og bål i Finnmark. Denne grufulle historia formidla av professor Liv Helene Willumsen, inspirerte arkitekten Peter Zumthor og kunstnaren Louise Bourgeois til å laga eit unikt minnesmerke på Steilneset i Vardø. Det same gjorde det kortvarige gruveeventyret på slutten av 1800-talet med sitt blodslit for menn, kvinner og hestar i Allmannajuvet innanfor Sauda. Zumthor med sine arkitektoniske grep i kombinasjon med dyktige planleggjarar og engasjerte fagfolk på byggeplassen, har gitt Varanger og Ryfylke attraksjonar som ein ikkje ein gong drøymde om, den gongen ideane blei tenkt og ballen begynte å rulla.

Felles for anlegga:

- å styrka naturopplevinga og landskapskvalitetane
- skapa trygge utsiktspunkt og stiar med auka tilgjenge på ulike nivå avhengig av terrenget
- tilby gode toalettfasilitetar og nokre stader også kiosk/mattilbod med god kvalitet
- gi eit godt og trafiksikkert parkeringstilbod
- sørge for høg kvalitet på design, arkitektur og stadtilpassing i planlegginga og gjennomføringa

I 2024 vil ni av attraksjonane vera fullført. Unntaket er ny kafé på Fossetromma som ei framtidig vidareutvikling av anlegget på Vøringsfossen. I gjeldande program er det heller ikkje rom for eit turistvegløft ved Låtefossen dei kommande åra.

Totalt i perioden 2004 - 2024 er det nytta 2050 mill.kr til planlegging og gjennomføring av dei 9 store attraksjonane. Dei tre reiselivsikona Vøringsfossen, Trollstigen og Gjende har fått 1150 av desse millionane. Bidraga frå andre aktørar er 300 mill.kr. med 160 mill.kr. til dei tre nemnde ikona. Alle summane er rekna om til prisnivå 2024.

*Utsiktsplatå, Trollstigen, Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen.  
Arkitekt: Reiulf Ramstad arkitekter.*







*Trappebrua, Vøringsfossen, Nasjonal turistveg Hardangervidda. Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakk.*

## Vøringsfossen - størst av dei store

Vøringsfossen er det største prosjektet med ei satsing på 510 mill.kr. medrekna innsatsen frå kommune, fylkeskommune og Hardangerråd på 75 mill. kr. (prisnivå 2024). Attraksjonen slik han no står fram har vakse fram i perioden 2014 - 2024.

Dei første tankane kom allereie i Reiselivsprosjektet 1994 - 1997. Etter den tid blei det gjennomført fleire planrundar og konkurransar som enda opp med arkitekten Carl Viggo Hølmebakk som vinnar. Den tredje etappen i verket hans skal få si offisielle opning hausten 2024.

Undervegs har det vore mange tankar om å nytta det nedre nivået, Fossetromma, til private reiselivsføremål, kommunalt reinseanlegg og statleg kontrollplass av tunge køyretøy. Heile dette området blei erverva gjennom satsinga på Nasjonale turistveggar for å ta vare på landskaps- og opplevingskvalitetane og unngå denne typen inngrep. Streng forvaltning og høg kvalitet på drift og vedlikehald blir avgjerande for å ta vare på og sikra dei store verdiane både på Vøringsfossen og dei andre store attraksjonane i åra framover.

# Økonomi og framdrift

Utviklinga av attraksjonen Nasjonale turistvegvar starta opp i 1994. På bakgrunn av erfaringane frå eit prøve-prosjekt ga Stortinget i 1998 Statens vegvesen klarsignal til å vidareføra arbeidet. Etter ein grundig prosess blei fjorten nye strekningar valde ut som framtidige nasjonale turistvegvar i tillegg til dei fire strekningane i prøveprosjektet.

I 2012 blei dei 18 strekningane med ei lengde på 1991 km skilta som Nasjonale turistvegvar. Etter den tid er lengda auka til 2240 km som følgje av justering av Nasjonal turistveg Ryfylke, turistvegstatus på 12 avstikkarar og vedtaket om å forlenga Nasjonal turistveg Jæren.

I satsinga inngår ei gjennomgripande opprusting og kvalitetsheving av 10 særskilte attraksjonar langs turistvegane. Ni av attraksjonane vil vera fullført i 2024. Låtefoss som den siste av dei 10 store og ei eventuell utviding av Vøringsfossen med ny kafé på Fossetromma er ikkje mogeleg innanfor dei økonomiske rammene til Nasjonale turistvegvar i gjeldande Nasjonal transportplan.

Turistvegsatsinga er eit kontinuerleg utviklingsarbeid. For å kunna tilby ein så interessant attraksjon som mogeleg, blir det totale konseptet heile tida evaluert i høve til dei kvalitetane ein skal oppnå og justert i høve til mål og rammer i Nasjonal transportplan. Forlenginga av Nasjonale turistveg Jæren, raset på Trollstigen og den store kostnadsutviklinga dei siste åra utan at dette er kompensert i dei økonomiske rammene, betyr forsinka framdrift og at nokre prosjekt ikkje let seg gjennomføra.

Seksårsperioden 2018 - 2023 inneheldt ei portefølje med 46 nye tiltak, alt frå større prosjekt på Gjende, Vøringsfossen og Torghatten til fuglekikkarskjul og små fotostopp. I løpet av 2023 vil 32 av desse prosjekta stå ferdige og dei siste 14 innan sommarsesongen 2025. I vidareutviklinga av dei atten strekningane innan 2029 er talet på prosjekt redusert frå 31 til 26.

10 SÆRSKILTE ATTRAKSJONAR	NASJONAL TURISTVEG	FYLKE	FULLFØRT ÅR
Gudbrandsjuvet	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2010
Steilneset	Varanger	Finnmark	2011
Trollstigen	Geiranger-Trollstigen	Møre og Romsdal	2012
Steinsdalsfossen	Hardanger	Vestland	2014
Eldhusøya	Atlanterhavsvegen	Møre og Romsdal	2014
Allmannajuvet	Ryfylke	Rogaland	2016
Gjende	Valdresflye	Oppland	2024
Torghatten	Helgelandskysten	Nordland	2024
Vøringsfossen	Hardangervidda	Vestland	2024
Låtefossen	Hardanger	Vestland	etter 2029



## RESSURSINNSATS 1994 - 2023 / RESSURSBEHOV 2024 - 2029 (MILL. 2024 KR)

1994 - 2029	1994 - 2017	2018 - 2023	2024 - 2029	Sum
Nasjonale turistvegar	3415	1320	870	5605
Andre	430	165	40	635
<b>Sum</b>	<b>3845</b>	<b>1485</b>	<b>910</b>	<b>6240</b>

## PLANLAGT FRAMDRIFT 1994 - 2023 - 2029


Strekning	Lengde (km)	NT-midlar 1994-2029 (mill. 2024 kr)	Investert til og med 2017 (mørkegrå) og 2023 (orange) i prosent av 1994-2029
Rondane	75	134	
Valdresflye	49	381	
Jæren	130	139	
Ryfylke	267	512	
Hardangervidda	67	744	
Hardanger	165	464	
Aurlandsfjellet	47	126	
Gaularfjellet	108	198	
Sognefjellet	114	128	
Gamle Strynefjellsvegen	27	103	
Atlanterhavsvegen	36	240	
Geiranger - Trollstigen	104	733	
Helgelandskysten	434	457	
Lofoten	230	252	
Andøya	58	77	
Senja	102	139	
Havøysund	67	110	
Varanger	160	332	
	<b>2240</b>	<b>5271</b>	

## UTVIKLING AV INNHALDET PÅ TURISTVEGSTREKNINGANE

Type tiltak, fullførte prosjekt	2013	2017	2023	2025	2029
Store attraksjonar (ant. prosjekt)	3 (3)	6 (6)	6 (9)	9 (12)	9 (12)
Rasteplassar/utsiktspunkt	79	89	111	119	138
Kunstprosjekt (utan Steilneset)	2	5	6	8	14
Tiltak ved bedrifter, opplevingar, tettstader og ferjeleie	36	43	49	50	51
<b>Sum prosjekt</b>	<b>120</b>	<b>143</b>	<b>175</b>	<b>189</b>	<b>215</b>

Fornyngar og vidareutvikling av gjennomførte tiltak kjem i tillegg og vil krevja stadig meir ressursar. Tap av turistvegkvalitet som følgje av andre utbyggingstiltak og andre forhold vil kunna føra til at etablerte tiltakspunkt må sanerast og at planlagde tiltak kan gå ut. Gjennomføringa av programmet er også avhengig av forhold som plangodkjenning og arealtilgang. Statistikken vil derfor kunna bli justert frå år til år. I 2025 er det føresett at talet på fullførte prosjekt aukar til 189. I summen av prosjekt inngår Gjende og Vøringsfossen med 5 prosjekt. Alle er sjølvstendige etappar som er blitt tekne i bruk etter kvart som dei står ferdige. I attraksjonen Steilneset er kunstverket eit viktig element.

## TURISTVEGOMSETNINGA 2006 - 2013 OG 2014 - 2023 I MILL. KR (2024)



Midlar frå andre frå 2006 til 2013 (268 mill.kr i prisnivå 2024) er i stor grad knytt til attraksjonane Gudbrandsjuvet, Trollstigen, Steinsdalsfossen, Eldhusøya og Allmannajuvet. I dei elleve åra 2014 - 2024 utgjer innsatsen frå andre 313 mill.kr. (prisnivå 2024). Dei største tilskotta desse åra er bidraga til Vøringsfossen (Hardangervidda), Gjende og Flye 1389 (Valdresflye), Skjervsfossen (Hardanger), Ostasteidn (Ryfylke), Torghatten (Helgelandskysten) og Hauklandsstranda (Lofoten).

## TURISTVEGSATSINGA 1994 - 2017 - 2023 - 2029 FYLKESFORDELING (2024 KR.)

Fylke	Lengde km	1994-2017 mill.kr	2018-2023 mill.kr	2024-2029 mill.kr.	1994-2029 mill.kr.
Innlandet	196	287	326	131	744
Rogaland inkl.Agder	369	465	115	96	676
Vestland inkl.Buskerud	487	825	536	271	1632
Møre og Romsdal	137	867	13	104	984
Nordland	722	554	231	137	921
Troms	102	83	27	57	167
Finnmark	227	333	73	74	480
<b>Sum</b>	<b>2240</b>	<b>3414</b>	<b>1321</b>	<b>870</b>	<b>5605</b>

Dei store satsingane i Møre og Romsdal og Vestland heng saman med at kvar av desse fylka har 3 av dei 9 særskilte attraksjonane, deriblant Trollstigen og Vøringsfossen. Dei siste store fordeler seg på Innlandet, Rogaland, Nordland og Troms og Finnmark. Nordland er det fylket som har flest km turistveg.



## NASJONALE TURISTVEGAR - STREKNINGAR OG LENGDER PER 1/1-2024

Namn	Nasjonal turistveg	Lengde (km)
Rondane	Venabygdsfjellet - Enden - Folldal, Sollia kirke - Enden	75
Valdresflye	Garli - Hindsæter med avstikker til Gjende	49
Jæren	Bore - Ognå - Flekkefjord med avstikker til Sogndalstrand	130
Ryfylke	Oanes - Lovraeidet - Hårå med avstikker til Sand, Lovraeidet - Sauda - Hordalia med veg til Ropeid	267
Hardanger	Granvin - Steinsdalsfossen og gamlevegen gjennom Skjervet	
	Norheimsund - Tørrvikbygd, Jondal - Utne, Kinsarvik - Låtefoss	165
Hardangervidda	Eidfjord - Haugastøl	67
Aurlandsfjellet	Aurlandsvangen - Lærdalsøyri	47
Sognefjellet	Lom - Gaupne	108
Gaularfjellet	Balestrand - Eldalsosen - Moskog, Eldalsosen - Sande	114
Gamle Strynefjellsvegen	Grotli - Videseter	27
Atlantehavsvegen	Kårvåg - Bud	36
Geiranger - Trollstigen	Langevatn - Sogge bru	104
Helgelandskysten sør	Holm - Godøystraumen med avstikker til Torghatten	434
Lofoten	Å - Raftsundet, med avstikkerar til Nusfjord, Vikten, Uttakleiv, Unstad, Eggum og Henningsvær	230
Andøya	Bjørnskinn - Andenes	58
Senja	Gryllefjord - Botnhamn med avstikker til Mefjordvær og Husøya	102
Havøysund	Kokelv - Havøysund	67
Varanger	Varangerbotn - Hamningberg	160
<b>Sum</b>		<b>2240</b>

Av den totale lengda på 2240 km er 613 km riksveg og 1627 km fylkesveg.

## DISPONERING AV TURISTVEGMIDLANE

	2023	2024
Løyving	180,0	180,0
Overført frå forrige år	8,8	-13,4
Meirforbruk	13,4	
<b>Til disposisjon</b>	<b>202,2</b>	<b>166,6</b>
<b>Sum fellesutgifter</b>	<b>27,3</b>	<b>23,6</b>
• Turistvegseksjonen	20,5	20,3
• Rådgiving, kvalitetssikring, profilering	6,8	3,3
<b>Sum tiltak på strekningane</b>	<b>174,9</b>	<b>143,0</b>
• Planlegging og anlegg nye prosjekt	158,7	127,1
• Turistveginformasjon og utstyr	3,7	4,5
• Oppgradering/fornyng av eks. stopp	12,4	11,3
• Planbistand til andre aktørar	0,1	0,1

Fellesutgiftene utgjør 13-14 % av disponibel ramme. Fornyng av eksisterande stopp er ein post som er nødvendig for å halda oppe kvaliteten på turistattraksjonen Nasjonale turistvegar etter kvart som tida går og stadig fleire anlegg står ferdige og treng oppfølging.

## PLANSITUASJONEN FOR PROSJEKTPORTEFØLJEN 2024 - 2029

Nasjonale turistvegar skal stå fram som ein heilskapleg turistattraksjon frå 2025. 13 av dei tiltaka som skal sørga for dette blir fullført i 2024 og 2025. Då står det att 26 turistvegprosjekt for å ferdigstillast dei atten strekningane innan 2029 i tråd med målet i Nasjonal transportplan. Innhaldet, plansituasjonen og planlagt opningsperiode for dei 39 tiltaka går fram av tabellen nedanfor.

Strekning	Stad	Innhald	Planstatus 03/2024	Opningsår	
				2024-25	2026-29
Varanger	Hamningberg Ekkerøya Hamningbergvegen Persfjorden	Toalett/rast	Anlegg		
		Rast/toalett	Program		
		To fotostopp	Program		
		Parkering/liten rast	Ikkje starta		
Havøysund	Skipsbukta	Rast	Program		
Senja	Gryllefjord Ikkje bestemt	Toalett/rast	Ikkje starta		
		Rast/kunst	Ikkje starta		
Lofoten	Hauklandstranda	Kafe/parkering	Anlegg		
Helgeland- skysten	Torghatten Kjerringlia Knøskholmen Sjonfjellet	Parkering/service/sti	Anlegg		
		Liten rast	Ikkje starta		
		Rast/toalett	Ikkje starta		
		Rast/toalett	Konkurransgrunnlag		
Atlanterhavs- vegen	Skarvøya Sandvika	Rast/toalett	Ikkje starta		
		Rast	Ikkje starta		
Geiranger- Trollstigen	Eidsvatnet Øvstestølen Ikkje bestemt	Rast/toalett	Program		
		Rast/toalett	Program		
		Kunst	Ikkje starta		
Gamle Strynefj.vegen	Jøl bru Ikkje bestemt	Gangbru/parkering	Byggeplan		
		Kunst	Ikkje starta		
Gaularfjellet	Vallestadfossen	Rast/sti til Fossestien	Ikkje starta		
Aurlandsfjellet	Røytnes	Rast/toalett	Forprosjekt		
Hardanger	Vangdal Ikkje bestemt	Rast (fullføra)	Program		
		Kunst	Ikkje starta		
Hardanger- vidda	Vardestopp Ørteren Vøringsfossen del 3 Vøringsfossen vest Måbø bru Måbø gard Ikkje bestemt	Rast	Konkurrans		
		Rast	Konkurrans		
		Utsikt/sti/WC/Parkering	Anlegg		
		Utsiktspunkt	Ikkje starta		
		Rast/fotopunkt	Konkurransgrunnl.		
Ryfylke	Kvelven Ikkje bestemt	Rast/toalett	Skisse		
		Rast/toalett	Skisse		
		Kunst	Ikkje starta		
		Kunst	Ikkje starta		
Jæren	Ikkje bestemt Stapnes Jøssingfjorden	Rast	Forprosjekt		
		Rast/toalett	Synfaring m/kunstnar		
		Rast/toalett	Skisseprosjekt		
Valdresflye	Smørkollen Sjodalsvatnet	Rast/utsikt	Skisser		
		Rasteplass	Skisser		
Rondane	Grimsbrua Muen	Rast/toalett	Skisser (studentoppg.)		
		Rast/parkering/toalett	Skisse		



# Nasjonale transportplanar og oppfølginga av turistvegsatsinga

**F**redag 22. mars 2024 presenterte Samferdselsdepartementet Meld.St.14 (2023-2024) Nasjonal transportplan 2025 - 2036. Denne skal handsamast av Stortinget før det tek ferie i juni. Her skriv departementet følgjande om Nasjonale turistvegar:

*Turistattraksjonen Nasjonale turistveier er 18 utvalgte veistreknings i unik norsk natur som med sine spesielle utsiktspunkter og rasteplasser gir turister gode opplevelser, og som bidrar til økt verdiskaping i reiselivsnæringene. I satsingen har det inngått kvalitetsløft i tilknytning til kjente nasjonale landemerker som Vøringsfossen, Gjende og Torghatten. På grunn av generelle kostnadsøkninger og uforutsette forhold som raset på Trollstigen vil en del tiltak som skulle vært ferdig i perioden 2018-2023, bli forsinket og først stå ferdig i 2025. Da vil Nasjonale turistveier omfatte totalt 189 prosjekter, med Sohlbergplassen (Rondane), Stegastein (Aurlandsfjellet), Ureddplassen (Helgelandskysten) og Steilnestet (Varanger) som kjente eksempler.*

*Nasjonale turistveier skal være ferdig i 2029. Da vil i alt 215 prosjekter være fullført. I tillegg vil fornying og videreutvikling av strekningene bli vurdert. Det legges ikke opp til endringer av strekningene som inngår i Nasjonale turistveier. Regjeringen vil ved neste fremlegg av melding om Nasjonal transportplan vurdere behov for endringer av strekningene. Et slikt arbeid må ev. gjøres i samråd med Statens vegvesen som har ansvaret for det faglige innholdet i Nasjonale turistveier.*

Denne horisonten har vore i konstant «utvikling» sidan Reiselivsprosjektet med sine fire prøve-strekningar blir avslutta i 1997. Regjeringa og Stortinget slutta seg til tilrådinga i statsbudsjettet for 1998. Veg og reiseliv høyrer saman, Nasjonale turistvegar er noko for Noreg. Etter ein grundig oppstart blei særpreget, kvalitetsnivået og arbeidsmåten bestemt og dei atten strekningane valde ut og presentert i Vegdirektørens prosjektdirektiv datert 26. april 2004. Sidan den tid har Statens vegvesen med Samferdselsdepartementet i ryggen bygt ein sterk nasjonal turistattraksjon i eit målretta arbeid, inspirert av verdiskapinga og målet om næringsutvikling og busetjing i distrikta.

**I NTP 2006-2015** som blei lagt fram våren 2005 blei det «regna med en framdrift som tar sikte på at de 18 utvalgte strekningene er fullført innen utgangen av 2015». Strekningane skulle gjennomførast puljevis (4 + 4 + 7 + 3) med ein viss overlapp. Det blei etter kvart krevjande å halda styr på kor langt ein var komne med kvar enkelt strekning, og i **NTP 2010 - 2019** blei det slått fast at «de 18 strekningene skal markedsføres som et samlet reiselivsprodukt allerede fra 2012. Innen 2016 skal Nasjonale turistveger være en fullt utviklet turistattraksjon».

I 2006 fekk Statens vegvesen høve til å starta arbeidet med å skaffa eigarskap til og planleggja fullstendige oppgraderingar av velkjente Norgesbilete med Trollstigen, Vøringsfossen og Gjende som dei største av i alt 10 særskilte attraksjonar. Dette var prosjekt i ein heilt annan storleiksorden enn dei tidlegare tiltaka, noko ein tok konsekvensen av i **NTP 2014 - 2023**: «Innen 2020 skal alle strekningene utvikles til et kvalitetsnivå som kvalifiserer til status som fullverdige Nasjonale turistveger».

**NTP 2018 - 2029** sette som mål at «de 18 strekningene skal være fullført innen 2023», og vidare at «etter 2024 vil strekningene bli driftet og vedlikeholdt, og i tillegg vil det blir vurdert fornying og viderutvikling av strekningene». **NTP 2022 - 2033** følgde opp den førre transportplanen om at «alle 18 utvalgte turistvegstreknings vil inngå i en helhetlig attraksjon fra 2024» etter gjennomføring av 46 prosjekter i årene 2018 - 2023, og at «det tas sikte på at alle 222 tiltak i turistvegprosjektet skal være ferdigstilt i 2029». I **NTP 2025 - 2036** er den første etappen utsett til 2025, talet på nye prosjekt 2026 - 2029 er redusert og «i tillegg vil fornying og videreutvikling av strekningene bli vurdert». Interesse for å bli Nasjonal turistveg nr. 19 er stor, men når det gjeld vurderingar av behovet for endringar av strekningane viser ein til arbeidet med **NTP 2029 - 2040**.







*Sjefsingeniør Jan Andresen gikk i 2023 av med pensjon etter nesten 26 år som leder for Statens vegvesens sitt turistvegarbeid. I løpet av disse årene har Nasjonale turistveger blitt utviklet fra fire prøvestrekninger til en nasjonal attraksjon med internasjonal appell. Andresens engasjement startet med Reiselivsprosjektet 1994 - 1997. Ett av hans ansvarsområder var prøvestrekningene Gamle Strynefjellsvegen og Sognefjellet.*



# Nasjonale turistveger

Norwegian Scenic Routes



Grafisk design: HMS, Nasjonale turistveger, Statens vegvesen. Foto: Jarle Wæhler, Fredrik Fløystad, Lage Bakken, Hugo Faerno, Werner Harstad, Frid-Jorunn Stabel, Kjetil Røiseh. Trykk: Zerweck, Hilde M. Strangstadstuen, Einar Aslaksen. Trykk: Sjønes Trykkeri AS



Statens vegvesen